


Krigsdramatikk ved Grotli blir spelefilm

Frå avisa GD, 17.11.10



1940: Rekonstruksjon av situasjonen ved gjeterhytta ved Grotli 27. april 1940. Engelskmennene Partridge og Bostock i hyttedøra, mens tyskerne Horst Schopis med den sårende Josef Auchtor og nærmer seg.

Historia om dei nedskotne tyske og engelske flymannskapa som måtte søke ly i same hytte ved Grotli i 1940 blir det spelefilm av.

Av Elias Sperstad

elias.sperstad@gd.no
Mobil: 958 35 907

SKJÅK: Etter det GD kjenner til er planlegginga godt i gang. Det kan bli snakk om filming alt i mars/april neste år. I botnen ligg den unike historia om dei tyske og engelske flysoldatane som tok seg inn i same hytte etter dramatiske kampar i luftrommet ved Grotli. Ein av tyskarane døde av skadane han fekk og vart forlate i flyet. Båe flya låg att utbrende. Dette skjedde 27. april 1940. Dramatikken stoppa ikkje der.

Tidleg fase

På spørsmål frå GD kan Calle Gisselsson i det norsk-danske filmselskapet Zentropa i ein e-post stadfeste at dei arbeider med planar om å lage spelefilm med denne historia som bakgrunn. Dette det

einaste filmselskapet vil kommentere inntil vidare. – Det er for tidleg å kommentere noko rundt dette, skriv Gisselsson som håpar at han har meir konkret å fortelje etter nyttår.

Etter det GD erfarer er det ennå ein del brikker som må felle på plass før prosjektet kan realisere. – Det er ikkje snakk om noko hovudrolle for min del, ler hotellvert Are Bergheim på Grotli, – men eg kjenner til at det blir arbeid med å lage spelefilm om flykampen.

Håpar på filmopptak

Bergheim er spent på om planane blir realisert. – Det er fantastisk at eit filmselskap endeleg har fatta interesse for denne svært så spesielle historia. Det er vel nettopp derfor dei vil lage spelefilm med hendinga som utgangspunkt. Eg kjenner ikkje det som måtte finnast av manus, og det som eventuelt i så fall måtte finnast av avvik i forhold til historia. Det eg veit er at historia er teke fatt i. Bergheim veit ikkje, men håpar at eventuelle opptak vil bli gjort i området ved Grotli.

– Det er sikkert ingen sjølvfølge at opptak blir gjort her. Film er film, så opptak kan gjerast nærmast over alt. Men vi håpar og trur det kan liggje an til filming her. Det var jo her det skjedde, så

dei er velkomne hit, seier Bergheim.

Møttest i gjeterhytte

Gjennom blant andre sin bestefar Sevald Grotli og ein av tyskarane som var om bord i det eine flyet Horst Schopis, kjenner han historia godt. Så seint som i fjor vinter var Schopis på gamle krigstrakter i høve innspeling av ein dokumentarfilm om nettopp denne hendinga.

Prosjektet er ifølgje Bergheim ennå ikkje heilt slutført. I boka om Grotli Høyfjellshotell gjennom 100 år utgjeve i 2005, ført i penen av Kristian Hosar, blir historia om krigshandlinga skildra. Sevald Grotli såg kampen mellom det tyske og engelske flyet. Den engelske jagaren måtte nødlande på Breidalsvatnet, og mannskapet sette fyr på flyet før dei begynte å leite etter folk og hus. Tyskarane sette fyr på sitt fly etter at dei måtte nødlande ved Heillstuguvatnet. Eit av mannskapa i det tyske flyet døde av skadane han fekk i kampen.

Engelskmennene tok seg inn i ein hytte som reinsjegerar bruke. Seinare kom også tyskarane. Dødsfiendane hadde kome til same hytte. Dei fem som delte på mat dei fann i hytta skilte litt seinare lag. Ein av tyskarane var skote i møte med ei norsk skipatrolje.